

Til
alle medlemmer av førebelsbels fellesnemnd,

Dato, 14. august 2017.

Om prosjektleiing - kommunesamanslåing av Ullensvang kommune

Viser til vedtak i sak 010/17 i førebelsbels fellesnemnd med slik ordlyd:

1. *Førebels fellesnemnd ber om at det vert lyst ut kjøp av prosjektleiing i ein avgrensa periode. Lysast ut så snart som råd.*
2. *Det vert lagt fram sak med innstilling 28. august om utlysing av prosjektleiar/rådmann med utlysingstekst og stillingsbeskriving.*
3. *PSU skal ha saka til behandling først.*

AU har arbeidd med denne saka, og ønskjer å koma med følgjande tilbakemeldingar til nemnda.

- Til punkt 1 er å opplysa at midlertidig prosjektleiing har vore ute på eit minianbod til tre tilbydarar, og at KS-konsulent er tildelt oppdraget. Dei er klar til å ta fatt på oppdraget så snart vi ønskjer. Senior-konsulent Ingjerd Astad er leiar for arbeidet og har med seg eit team på tre personar i tillegg.
- Når det gjeld punkt 2, ser AU at det vanskeleg å få fram ei sak til eit møte fellesnemnda den 28. aug. Vi tek heller sikte på eit nytt møte i fellesnemnda med dette som tema i fyrste halvdel av september. Viktigaste grunnane til dette er:
 - ✓ Tidsfaktoren. Det skal haldast møte i PSU i forkant, og med normale tidsfristar for utarbeiding og utsending av sakdokument, vert tida fram til 28. aug knapp. Tida mellom forrige møte og dette, har vore dominert av ferieavvikling.
 - ✓ Vi ser det og som nyttig å kunne involvera midlertidig prosjektleiing i dette arbeidet, noko dei og har erfaring med frå andre samanslåingar. Det vil i tillegg vera med å sikra god avklaring og overgang mellom midlertidig og permanent prosjektleiing.

Midlertidig prosjektleiar vert med på felles kommunestyremøte den 28. aug, for å presentera seg for oppdragsgivarane og verta betre kjend med oppdraget. Til dette møtet vil vi og be KS-K sjå på midlertidig vedteke mandat for fellesnemnda.

Med helsing

Solfrid Borge
ordførar Ullensvang herad

Roald Aga Haug
ordførar Odda kommune

Jon Larsgard
ordførar Jondal kommune

Kopi:
Hovudtillitsvalde i dei tre kommunane